



Notat

Dato: 03.05.2018
Arkivsak: 2014/24390-21
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmann

Mulebanen - svar på spørsmål frå KIRU 24.4.2018

I møte 24.4.2018 står det i Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling «Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, V, Frp og H fram slikt forslag:

1. «Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka og ber om synfaring i samband med neste utvalsmøte 24.05.2018 – og med orientering frå partane.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen presisere det idrettsfaglege i saka.»

Røysting (forslaget om utsetjing). Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka og ber om synfaring i samband med neste utvalsmøte 24.05.2018 – og med orientering frå partane.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen presisere det idrettsfaglege i saka.»

Planforslaget til Bergen kommune legg til rette for å regulere Mulebanen til bebyggelse og anleggsføremål kombinert med andre hovudføremål som Ballbane, Idrett, Barnehage med tilhøyrande ute-oppfallsareal og Parkering. Gjennom planforslaget vert det føreslått å regulere Mulebanen til eit nytt fleirbruksanlegg med omlag same fotavtrykk som Mulebanen, totalt 2400 kvadratmeter. Men banen vert heva 2 meter og trekt 3 meter mot aust av omsyn til krav om tilgang for naturleg ljøs for barnehagen og for betre terrengtilpassing.

Fylkesrådmann gir i dette notat kun uttale om idrettsføremål.

Hordaland fylkeskommune har gjennom planstrategien og folkehelseplan sett mål og vedtatt strategiar for å oppnå større grad av deltaking og inkludering innan utsette gruppe i samfunnet. Anlegget ved Mulebanen representerer eit tiltak som vil kunne vere eit lågterskeltilbod som kan bidra til deltaking uavhengig sosial tilhørighet og bakgrunn, noko som er viktige faktorar for å nå dei regionale måla.

Frå Premiss Kultur – Hordaland fylkeskommune sin kulturplan for 2015-2015 står det fyljande: Idrettshallar gjev varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitet. For å sikre ei god ressursutnytting, bør nye idrettshallar plasserast sentralt.

Bergen har låg dekning av anlegg for idrett og fysisk aktivitet/friluftsliv rekna etter tal på innbyggjarar. I tillegg er Bergen ein av dei største studentbyane i Noreg.

Bergenhus bydel har underdekking av idrettsanlegg i dag. Spesielt gjeld dette idrettshallar. I Bergenhus bydel er det vanskeleg å finne areal nok til ein ny og tiltrengt idrettshall. Dette er viktig for barn/unge at dei har gode vilkår for oppvekst. I Bergen må det forventast at barn/ungdom har idrettshall såpass nære at dei kan gå/sykle dit. Varegg som ønsker hallen bygget, er eit lag med lange og gode tradisjonar for å ta vare på/ha trening for barn/unge i nærområdet.